

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 03.02.2011
Møtestad: Hotel Neptun Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
--------------------------	-----------

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Sakliste

013/11 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
014/11 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 12. januar 2011
015/11 B	Administrerande direktør si orientering
016/11 B	Rapportering frå verksemda per desember 2010
017/11 B	Styringsdokument del 1 – helsefaglege styringskrav 2011 til helseføretaka
018/11 B	Konsernbudsjett 2011 og justering av inntektsramma til helseføretaka
019/11 B	Budsjett 2011 for Helse Vest RHF - administrasjonen
020/11 B	Justering av resultatkrava for 2010 som følgje av endra pensjon
021/11 B	Pasientreiser - Oppdatert rekvisisjonspraksis innan området direkteoppgjjer
022/11 O	Gjestepasientstraumar inn og ut av Helse Vest (2002-2009)
023/11 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 11.01.2011
024/11 O	Innføring av refusjonsordning for utgifter til helsetenester mottatt i eit anna EØS- land
025/11 B	Eventuelt

Presentasjon av private ideelle institusjonar ved administrerande direktør på HSR, Jan Birger Medhaug

Administrerande direktør ved HSR, Jan Birger Medhaug presenterte dei private ideelle institusjonane i Helse Vest:

- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Solli Distriktpsikiatriske Senter
- Voss DPS NKS Bjørkeli
- Hospitalet Betanien
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- NKS Jæren
distriktpsikiatriske senter as
- Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus og Rehab AS

Lysark er sendt ut til styret.

013/11 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar ønskja Kjartan Longva velkommen som nytt styremedlem.

Forfall:

Aud Berit Alsaker Haynes hadde meldt forfall til møtet

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 016/11 B Rapportering frå verksemda:

Notat: Rapport frå verksemda – medarbeidardelen

Til skriv og meldingar:

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 29.01.11 "Avslutting av tilsyn Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern – 6.-7. oktober 2010"
- Kopi av brev fra Arbeidstilsynet til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 27.01.11 "Svar på tilbakemelding - pålegg ressurser og oppgaver"
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 25.01.11 "Varsel om pålegg - ein ekstra turnusplass for fysioterapeut 15. august 2011- 15. august 2012"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 20.01.11 "Oversendelse av rapport etter tilsyn med håndtering av selvmordstruede pasienter ved Stavanger Universitetssjukehus 1.- 2. desember 2010"
- Brev frå LMS Nettverket i Helse Vest til Helse Vest RHF, dagsett 27.01.11 "Innspel til styresak 017/11 B Styrigsdokument del 1 – helsefaglege styringskrav for 2011 til helseføretaka"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse Førde HF, dagsett 14.01.11 "Helse Vest - modell for somatisk spesialisthelsetjeneste i Helse Førde"

Nytt pkt på AD si orientering:

Styreleiar orienterte om at det er eit nytt pkt på AD si orientering:

Pkt 8: Ekstratiltak poliklinisk aktivitet for MR og CT 2011

Styreleiar orienterte om at møtet blir lukka under handsaming av AD si orientering pkt 8 jf Offentleglova § 23, 1. ledd.

Denne saka blir behandla i slutten av møtet.

Eventuelt:

Det var ikkje meldt sake til eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

014/11 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 12. januar 2011

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 12. januar 2011.

Ope del

015/11 B Administrerande direktør si orientering

1 Helse2020 – Oppsummering frå møte i føretaksområda Stavanger og Fonna

Det er gjennomført Helse2020-konferansar i dei fire HF-områda med interne og eksterne interessantar. Konferansane har samla frå ca 70 til ca 100 deltakar med god blanding av representasjon internt og eksternt og med breidde både politisk, fagleg og i forhold til brukarane. Samlingane har gitt oss gode innspel både til sjølve strategien og korleis vi kan gjennomføre denne.

Tilsvarande samlingar for å etablere og organisere eit fellers regionalt arbeid for å førebu Samhandlingsreforma blir planlagt i løpet av våren.

2 Felles styreseminar Helse Vest og Helse Nord 25. – 26. mai 2011

Som oppfølging av felles styreseminar med Helse Nord i Bodø i 2010, er det avtalt eit nytt felles styreseminar i Bergen 25. – 26. mai 2011. Seminaret skal vere på Hotel Admiral i Bergen. Styret sine innspel til agendaen for seminaret kan sendast til kommunikasjonsavdelinga i Helse Vest.

3 Møte med fylkeskommunane

Tidspunkt for dei årlege møta med Fylkesutvala i Rogaland og Hordaland er no fastsett:

Rogaland - 14. mars kl 1800 – 2000, hos Helse Vest RHF i Stavanger

Hordaland - 19. mai kl 1100 – 1200, hos Hordaland Fylkeskommune i Bergen

Tidspunkt for møte i Sogn og Fjordane er ikkje avklart.

Det er ønskjeleg at så mange som mogleg frå styret deltek på desse møta.

Styret sine innspel til agenda for møta kan sendast til kommunikasjonsavdelinga i Helse Vest.

4 Vurdering av rentebinding av lån til investeringar

I møte den 14. desember 2005 under sak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" blei det gjort greie for prinsippa som blir lagt til grunn for vurdering om eventuell binding av renta på lån til investeringar.

I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det lagt opp til følgjande spreining av renta på lånevolumet:

- Ca 25 % av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen.

Det er tre lån som det no er aktuelt å vurdere rentebinding på. I tillegg vil den delen av byggjelån som blir konvertert til langsiktig lån pr. 1/1-2011 vere aktuell å vurdere opp mot fastrente.

Forskjellen mellom flytande og fast rente (5 års binding) er på 0,84% i favør av flytande rente. Dette utgjør om lag kr 4,8 mill for dei 3 aktuelle låna.

Administrerande direktør informerte styret om at Helse Vest etter ei samla vurdering har valt flytande rente på dei 3 låna som var aktuelle å vurdere i forhold til rentebinding.

5 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6 Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7 Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

016/11 B Rapportering frå verksemda per desember 2010

Oppsummering:

I samband med årsavslutning av 2010 har helseføretaka fått ei utvida tidsfrist for rapportering denne gongen. Dette gjer at ein ikkje hadde tal tilgjengeleg for aktivitetsrapportering, føretaka sine økonomiske resultat for 2010 samt sjukefråvær og månadsverk ved utsending av saka, og desse tala blei presenterte i møtet.

Førebels resultat for 2010 er på om lag 435 millionar kr. Resultatet gir føretaksgruppa ei investeringskraft på 1, 4 – 1,5 mrd.

	Før pensjon		Etter pensjon		
	Faktisk	Budsjett	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apotekene	12 702	7 833	24 083	19 214	4 869
Helse Bergen	145 247	110 000	480 591	445 344	35 247
Helse Fonna	10 726	10 000	142 145	141 419	726
Helse Førde	-39 907	-40 000	39 782	39 689	93
Helse Stavanger	5 986	26 323	214 685	235 022	-20 337
Helse Vest RHF	296 101	43 677	424 839	172 415	252 424
Helse Vest IKT	4 337	105	9 067	4 835	4 232
SUM	435 192	157 938	1 335 192	1 057 938	277 254

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per desember 2010 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå august til november 2010, men har vore stabile eller gått litt opp i desember 2010. Ventetidene er framleis noko lengre enn for eit år sidan både innan somatikken, BUP og psykisk helsevern for vaksne. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Medarbeidardelen av rapportering frå verksemda var delt ut i møtet.

Det samla sjukefråværet for føretaksgruppa var 7,5 % ved utgangen av desember 2010. Det er ein auke på 0,8 prosentpoeng frå desember 2009 til desember 2010.

Det sjukemeldte sjukefråværet var i same periode 6,1 %, og det er det ein auke på 0,4 prosentpoeng frå desember 2009 til desember 2010.

Talet på einingar som har eit *samla* sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 62 % for desember 2010.

Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per januar 2011 var 16 765. Netto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per januar 2010 var til samanlikning 16 383, ein auke på 376 netto månadsverk frå januar 2010 til januar 2011.

Brutto månadsverk for føretaksgruppa i Helse Vest per januar 2011 var 18 307. Det er ein auke på 426 brutto månadsverk samanlikna med same periode året før.

79 prosent av dei spurde har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta i desember. I januar hadde over 80 % av dei spurde i alle føretak svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta.

Styret ønskte ei tett oppfølging av talet på korridorpatientar, epikrisetid og månadsverk i dei månadlege rapporteringsmøta med helseføretaka.

Når det gjeld korridorpasientar ønskte styret ei styresak med tilbakemelding frå alle helseføretaka, med tidsplan og konkretisering av kva tiltak blir sett i verk for å fjerne problemet med korridorpasientar, samt ei vurdering av økonomiske sanksjonar.

Styret ønskte og ei orientering frå pasienthjelpar på eit av dei første styremøta, med særleg fokus på moglegheit for å gje pasientar tilbod i eit anna helseføretak for å unngå fristbrot.

Gunnar Berge ønskte ei styresak om helsetenestene til asylsøkarar i Helse Vest, samt ei vurdering av om dette bør omtalast i styringsdokumenta til helseføretaka.

Gunnar Berge kjem tilbake med referansar som dokumentasjon til styresak og styringsdokument.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapportering frå verksemda per 31. desember 2010 til etterretning.

017/11 B Styringsdokument del 1 – helsefaglege styringskrav 2011 til helseføretaka

Oppsummering:

Styringsbodskapen til helseføretaka blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Denne saka gjeld dei helsefaglege styringskrava til sjukehusføretaka for 2011. Dei økonomiske rammene og organisatoriske krava samt styringsdokumenta til Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest IKT AS vil bli lagt fram for styret i mars. Dei endeleg styringsdokumenta blir formelt presenterte for helseføretaka i føretaksmøter 16. mars 2011. Styret var innforstått med at det kan bli justeringar i dei helsefaglege styringskrava når det samla Styringsdokumentet til helseføretaka blir ferdigstilt. Styret la vekt på at det må gå klart fram av styresaka til marsmøtet, kva endringar som eventuelt er gjort.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Stavanger i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Fonna i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Bergen i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok dei helsefaglege styringskrava for 2011 for Helse Førde i samsvar med forslaget lagt fram for styret 12.01.2011.

018/11 B Konsernbudsjett 2011, og justering av inntektsramma til helseføretaka

Oppsummering:

Styret Helse Vest ved behandla i møtet den 1. desember 2010 sak 122/10 B Inntektsfordeling 2011 og resultatkrav 2011. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2011:

Inntektsramme

INNTEKTSFORDELING 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	991 007	510 459	1 650 897	366 777		3 519 140
ISF-pasientar behandla i andre regionar	69 499	22 181	39 925	23 659		155 264
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-19 223	-2 070	-56 191	-7 394		-84 878
SUM, ISF	1 041 283	530 570	1 634 631	383 042	-	3 589 526
SUM, basisramme fordelt etter modell	2 948 312	1 670 613	4 723 501	1 365 043	0	10 707 468
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	362 646	211 158	771 494	202 420	2 964 658	4 512 376
SUM, tildelt inntektsramme 2011 frå RHF	4 352 241	2 412 341	7 129 625	1 950 505	2 964 658	18 809 370

Resultatkrav

Forslag til resultatkrav 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2011	40 000	10 000	160 000	-40 000	11 000	100	40 000	221 100

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2011, fastsett resultatkrav og behandla og vedtatt sine budsjett for 2011 i dei respektive styra.

Sak om konsernbudsjett 2011 har basis i desse vedtaka samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka tek og opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2011.

I tillegg det blir det gjort fordeling av budsjettpostar som ikkje var tatt omsyn til under sak 122/10 B.

Investeringar i Helse Stavanger:

Under sak 091/10 B Langtidsbudsjett 2011-2015 blei det lagt inn ein føresetnad om at føretaket ville få lån frå staten til finansiering av Stavanger DPS og innreiing MOBA 3. etasje. Helse Stavanger har framleis denne føresetnaden liggande inne i budsjettoplegget som er behandla av styret i Helse Stavanger i desembermøtet.

Problemstillinga er no at Helse Stavanger ikkje vil få lån frå staten til gjennomføring av Stavanger DPS og MOBA 3. etasje. Det at Helse Stavanger ikkje får lån frå staten inneber at Helse Vest må gjere ei vurdering på om prosjekta kan finansierast gjennom interne lån/omprioritering av likvide midlar. I ei slik prioritering er det ferdigstilling av BUPA som må prioriterast først. Deretter er det gjennomføring av Stavanger DPS.

Det vil i samband med rulleringa av langtidsbudsjett 2012-2016 bli gjort ei nærare vurdering på prioritering og finansiering av prosjekta i Helse Stavanger. Helse Stavanger må uansett ta høgde for at prosjekt som eventuelt blir finansiert med interne lån i framtida, minimum må finansierast med 50% eigne midlar. Det er derfor heilt nødvendig at Helse Stavanger klarer å levere eit resultat som minimum er i tråd med budsjettkravet.

Styret la vekt på at finansiering må vere avklart før prosjekt blir set i gang, og ønskte ei orientering om finansiering av planlagde investeringar i Helse Stavanger HF.

Vedtak (samrøystes):

1. Konsernbudsjett 2011 for føretaksgruppa Helse Vest blei vedtatt med følgjande resultatbudsjett for føretaka:

Forslag til resultatkrav 2011	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2011	40 000	10 000	160 000	-40 000	13 800	300	40 000	224 100

2. Inntektsramma som blei vedtatt under sak 122/10 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2011 sak 122/10 B	4 352 241	2 412 341	7 129 625	1 950 505	2 964 658	18 809 370
Oppdatert inntektsramme frå staten:						
Forskning og medisinske kompetansesentra					4	4
Tilskot til turusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar					5 373	5 373
Utviklingsområde innafor psykisk helsevern og rus					12	12
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					255	255
						0
Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:						0
Opptappingsmidlar TSB (2011)	1 181	647	1 566	406	-3 800	0
Overtaking av ansvar for LAR (2011)		3 939	26 104	1 802	-31 845	0
Ytterlegare styrking av LAR (2011)	1 553	852	2 061	534	-5 000	0
Auka tildeling til Radio Medico			1 500		-1 500	0
						0
Mindre tekniske endringar:						0
Arbeidsmedisinskavdeling (inkludert i "raskere tilbake")			64		-64	0
Rusmestringeining ved fengsela i Stavanger og Bergen	7		7		-14	0
Etablering av Soningseining for dei under 18 år			3		-3	0
						0
Sum endringar	2 741	5 438	31 305	2 742	-36 582	5 644
Oppdatert inntektsramme 2011	4 354 982	2 417 779	7 160 930	1 953 247	2 928 076	18 815 014

3. Investeringsbudsjettet for 2011 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	168 000	87 700	477 000	14 800	0	0	0	747 500
Medisinteknisk utstyr	93 000	51 300	90 000	35 300	0	0	0	269 600
IKT	0	2 000	0	0	0	255 919	0	257 919
Anna	60 000	6 000	66 000	44 200	20 220	0	0	196 420
Sum investeringar 2011	321 000	147 000	633 000	94 300	20 220	255 919	0	1 471 439

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet etter at resultatet for 2010 er fastsett. Dette må i så fall skje innafor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

4. Administrerande direktør kan foreta nødvendige omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjetttramma.
5. Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

019/11 B Budsjett 2011 for Helse Vest RHF - administrasjonen

Oppsummering:

Forslaget til administrasjonsbudsjettet for 2011 syner ei redusert ramme i høve til kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 122/10 Inntektsfordeling 2011. Reduksjonen skuldast i hovudsak at det i forslaget til 2011 budsjett er gjort nokre budsjettmessige endringar knytt til handteringa av prosjektramma. Budsjettendringane skal sikre eins praksis og rapportering i høve til om prosjektet skal bli finansiert i administrasjonsbudsjettet eller i budsjettet som går til kjøp av helsetenester.

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2011 inneheld ei styrking med eit årsverk knytt til fagavdelinga, m.a. administrasjon av forskingsfeltet og eit årsverk knytt til kommunikasjonsavdelinga.

Avdeling	Årsverk	Vakante årsverk	Sum årsverk
Kommunikasjonsavdeling	3		3
Fagavdeling	12,2		12,2
Sekretariat	4		4
Økonomi- og finansavdeling	10,8	1	11,8
- Analyseenhet	1		1
Personal- og organisasjonsavdeling	3		3
Eigaravdeling	6	2	8
Administrerende direktør	1		1
Internrevisor	2		2
Nye stillinger		2	2
Sum stillingsramme	43	5	48

Det er i budsjettet tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekt under budsjettet for kjøp av helsetenester. Dette gjeld kjøp av Agresso forvaltning, systemeigar/arkitekt ressursar, regional analysefunksjon, samhandlingsmidlar og kostnader knytt til areal som er tiltenkt regionale tenester. Budsjettet på denne posten er i 2011 styrka med kr 5,987 mill og skal sikre at RHF-et mellom anna gjennom frikjøp av HF ressursar har mogelegheit til å etablere og styrke følgjande funksjonar:

- Regional analysefunksjon
- Ivaretaking av regionalt systemeigarskap og arkitektur
- Regional samordning av arbeid med Samhandlingsreforma

Vedtak (samrøystes):

Styret vedtok budsjett 2011 for administrasjonen til Helse Vest RHF.

020/11 B Justering av resultatkrava for 2010 som følgje av endra pensjon

Oppsummering:

Administrasjonen legg i denne saka til rette for endringar i føretaksgruppa sitt budsjett i tråd med Stortinget sitt vedtak om endringar i offentlig tenestepensjon 25. juni 2010. Dette inneber ein reduksjon i pensjonskostnaden i 2010. Delar av denne kostnadsreduksjonen blir motsvara av eit trekk i ramma. Den resterande delen av kostnadsreduksjonen får helseføretaka behalde og det blir foreslått å skjerpe resultatkravet til helseføretaka tilsvarande.

Det skjerpa resultatkravet kan ikkje nyttast til å auke investeringsramma, då dette skal gå til å styrke eigenkapitalen i føretaka, og dekke opp for tidlegare underskot relatert til ikkje finansierte pensjonskostnader.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtar følgjande justerte resultatkrav for 2010:

Justering av resultatkrav	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	RHF	SUM
Dagens resultatkrav	26 323	10 000	110 000	-40 000	105	7 833	43 677	157 938
Får behalde/skerpa resultatkrav *)	208 699	131 419	335 344	79 689	4 730	11 381	128 738	900 000
Nytt resultatkrav	235 022	141 419	445 344	39 689	4 835	19 214	172 415	1 057 938

*) Ordninga gir eit skjerpa resultatkrav i 2010 på kr 126 mill. Denne blir lagt i RHFet gjennom reduksjon av reserven.

2. Det justerte/skerpa resultatkravet kan ikkje nyttast til å auke investeringsramma til HF-a.

021/11 B Pasientreiser - Oppdatert rekvisisjonspraksis innan området direkteoppgjer

Oppsummering:

Det er utarbeidd ny nasjonal rekvisisjonspraksis som regulerer arbeidsdeling, roller og ansvar i gjennomføringa av pasientreiser med rekvisisjon.

Administrerende direktør ønskjer med denne saka at styret blir orientert om ny nasjonal rekvisisjonspraksis og kva som er helseføretaka si innstilling.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret godkjende at helseføretak i Helse Vest som ønskjer det, kan få same unntak som Oslo/Akershus.
3. Styret presiserte at helseføretaka sjølve er ansvarlige for implementeringa og påfølgande aktivitetar.

022/11 O Gjestepasientstraumar inn og ut av Helse Vest (2002-2009)

Oppsummering:

På regionalt nivå er det berre Helseregion Sør-Øst som behandlar ein høgare del eigne pasientar innan eigen region, enn det Helseregion Vest gjer. Om lag 94 prosent av all aktivitet generert av pasientar busett i Helseregion Vest har funne stad innan regionen. Pasientar busett i Helseregion Vest har det nest lågaste forbruket hjå private kommersielle sjukehus, målt i delen aktivitet av total DRG-produksjon. Det meste av den resterande aktiviteten utanfor regionen har funne stad ved institusjonar i Helse Sør-Øst RHF, og særleg då ved tidlegare Rikshospitalet. Talet DRG-poeng som pasientar busett i Helseregion Vest genererar utanfor helseregionen, er høgare enn talet DRG-poeng som gjestepasientar behandla ved institusjonar innan Helse Vest RHF genererar.

Ser ein på gjestepasientstraumane fordelt etter dei fire bustadområda i Helseregion Vest, finn ein at pasientar busett i og ikring Stavanger har størst prosentdel aktivitet ved i institusjonar i Helse Sør-Øst RHF, pasientstraumar som i hovudsak har gått til tidlegare Rikshospitalet HF (no UUS) og til Sørlandet sjukehus HF. Pasientar busett i Førdeområdet har eit visst aktivitetsnivå ved Helse Sunnmøre HF i Helse Midt-Norge RHF og er det bustadområdet som har høgast prosentdel aktivitet ved Feiringklinikken. Pasientar busett i Helse Bergen HF sitt opptaksområde har hatt ein gradvis vekst i aktivitet ved private kommersielle sjukehus frå 2003 til 2009, og var det bustadområdet som hadde høgast aktivitetsdel ved private kommersielle sjukehus i 2009. Bergenspasientane sitt aktivitetsnivå ved institusjonar i andre regionar er lågast av dei fire bustadområda. Pasientar busett i Helse Fonna HF sitt opptaksområde har den høgaste prosentdelen behandling innan Helseregion Vest, og lågaste delen aktivitet utanfor.

Styret la vekt på at Helse Vest støtter opp om det vi kan og er gode på i eigen region, og at pasientar blir behandla i eigen region når vi har gode til behandlingstilbod.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

023/11 O Protokoll frå møte i revisjonskomiteen 11.01.2011

Oppsummering:

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 11. januar 2011. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.

Revisjonskomiteen vurderar å legge sakene frå revisjonskomiteen på nett, samt sjå på korleis protokollane frå møta kan bli meir informative for styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 11.01.2011 til orientering.

024/11 O Innføring av refusjonsordning for utgifter til helsetenester mottatt i eit anna EØS- land

Oppsummering:

Frå 1. januar 2011 er det innført ei ny refusjonsordning for utgifter som pasientar har hatt til helsehjelp mottatt i eit anna EØS-land. Ordninga inneber at pasientar skal kunne søke helsehjelp i andre EØS-land, og dersom vilkåra er oppfylt, få refusjon for utgiftene utan krav om førehandsgodkjenning frå norske myndigheiter. Den nye refusjonsordninga er forankra i folketrygdlova § 5-24 a, og skal administrerast av Helseøkonomiforvaltningen (HELFO).

Ordninga vil gi nokre pasientar større valfridom med omsyn til om dei vil ta imot helsehjelp i Noreg eller i andre EØS-land. Spesialisthelsetenesta si del av ordninga er avgrensa til det som er omtalt som "ikkje sjukehusbehandling".

Pasienten må sjølv betale alle utgifter til helsehjelpa og deretter krevje refusjon av HELFO som vil utbetale refusjonen. Spesialisthelsetenesta har ansvar for å dekke kostnadene for sitt ansvarsområde. Faktura for utbetalt refusjon vil deretter kvartalsvis bli oversendt til regionalt helseføretak der pasienten høyrer heime.

RHF-a har etablert eit samarbeid seg i mellom, og det vil bli inngått ein avtale om det nærmare samarbeidet med HELFO.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

025/11 Eventuelt

Helge Espelid informerte om at han hadde valt å ikkje stille som kandidat for attval som representant valt av og blant dei tilsette i styret for Helse Vest RHF. Han takka for samarbeidet og tida i styret.

Skriv og Meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 10.01.11 "Tilbakemelding frå Helse Vest RHF om tiltak som er sett i verk for å unngå fristbrot"
- Likelydande brev frå Helse Vest RHF til Haraldsplass Diakonale Sykehus og Haugesund Revmatismesykehus, dagsett 03.01.2011 "Handtering av ventelister og reduksjon av ventetid"
- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 04.01.2011 "Frister for rapportering av økonomisk informasjon for siste periode av 2010 og første periode 2011"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 10.01.2011 "Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF Haukeland Universitetssykehus Augeavdelinga 24.11. og 1.12.2010"
- Brev frå LPP Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 16.01.2011 "Psykisk helsevern i Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 09.01.2011 "Tilhøva ved Ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til LPP Sogn og Fjordane, dagsett 04.01.2011 "Psykisk helsevern i Helse Førde"
- Brev frå Riksrevisjonen til RHF-a, dagsett 07.01.2010 "Undersøkelse om nasjonale rammeavtaler for leie av helsepersonell" Uts. Off.
- Kopi av brev frå Riksrevisjonen til HINAS, dagsett 07.01.2010 "Undersøkelse om nasjonale rammeavtaler for leie av helsepersonell" Uts. Off.

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 29.01.11 "Avslutting av tilsyn Helse Fonna HF Klinik for psykisk helsevern – 6.-7. oktober 2010"
- Kopi av brev fra Arbeidstilsynet til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 27.01.11 "Svar på tilbakemelding - pålegg ressurser og oppgaver"
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 25.01.11 "Varsel om pålegg - ein ekstra turnusplass for fysioterapeut 15. august 2011- 15. august 2012"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 20.01.11 "Oversendelse av rapport etter tilsyn med håndtering av selvmordstruede pasienter ved Stavanger Universitetssjukehus 1.- 2. desember 2010"
- Brev frå LMS Nettverket i Helse Vest til Helse Vest RHF, dagsett 27.01.11 "Innspel til styresak 017/11 B Styrigsdokument del 1 – helsefaglege styringskrav for 2011 til helseføretaka"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse Førde HF, dagsett 14.01.11 "Helse Vest - modell for somatisk spesialisthelsetjeneste i Helse Førde"

015/11 O Administrerande direktør si orientering

8. Ekstratiltak poliklinisk aktivitet for MR og CT 2011

I Statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for 2011 er det lagt inn krav om auka aktivitet (4,5%) og reduserte ventetider innan poliklinisk radiologi for MR og CT. Helse Vest er gitt eit øyremerka tilskot til dette på 8, 3 millionar kroner.

HF-a er kontakta for å få oversikt over kva tiltak som kan gjerast for å få ned ventetidene.

Basert på tilbakemeldingane frå HF-a ser det ut til at vi må sette i verk ekstra tiltak i Fonna- og Stavanger-området ved å kjøpe ekstra tenester hos private aktørar. I Bergensområdet bør ein sjå på eit utvida samarbeid mellom Helse Bergen og HSD/Betanien. Ekstra tiltak vil bli finansiert frå "reserven" i Helse Vest RHF sitt budsjett.

Styret slutta seg til vurderingane i utdelt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering

Ref. Torunn Nilsen
03.02.2011

Sett:

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva